Møtebok
for
Kyrkjeleg fellesråd
i Kvam

Saksnummer:		OSL/09/26
Innkallingsdato:		22.okt.2026
Møtedato:		4.nov. 2026
Møtestad:		Norheimsund kyrkje
Møtetid:		16.30-18.00
Medlemer tilstades på møtet: 8		Magne Kolstad Kjell Dysvik Astrid Lunestad Astrid Helleve Fylkesnes Margun Mikkelsen Tordal Vetle Karlsen Eide Tor Håkon Berge Lisbeth Henriksen
Varamedlemer tilstades:	0	
Meldt forfall:	**2**	Arne Opsahl-Engen Ida Lindø
Andre:		Olav Skeie Lid, sekretær
Møteleiar:		Kjell Dysvik, leiar i fellesrådet

Saker som vart drøfta: sak 26/26 til sak 31/26


26/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 16. september 2026 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Astrid Helleve Fylkesnes og Margun Mikkelsen Tordal

27/26 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Kyrkjeverja har forska litt på korleis dei ulike kommunar i vårt prosti handsamar fellesråda sine. Eg har henta tal frå kyrkje-overføringar frå 5 ulike kommunar, og delt på kor mange innbyggjarar den enkelte kommune har. Statistikk er farlege greier, og kan innehalda feilkjelder, - men hovudinntrykket lyg ikkje: det er svært stor skilnad på kommunane. Eidfjord står jo som alltid i ein særstilling, medan Kvam kjem dårleg godt ut, samanlikna med dei andre kommunane. Hadde Kvam vore på nivå med Ullensvang, hadde alle vore økonomiske sorger vore sløkte. Til ettertanke.



- Sokneprest Vetle Karlsen Eide har sagt opp si stilling frå og med 1. januar 2027. Han vil verta sakna! Bispedømerådet er i gang med utlysingsprosess. All erfaring tilseier at dette kjem til å ta noko tid. I mellomtida er evigunge Roar Strømme engasjert i 70% stilling i tidsrommet jan -mars 2027. Me har også fått lovnad om at dei resterande 30% av stillinga vil kunna nyttast til konf.arbeid, og har engasjert Julie Haaberg i eit kortvarig vikariat til dette.

- Soknerådet i Ålvik har hatt gode tankar om å skifta ut takrenner på kyrkja. Dei som heng der i dag, har runda 65 år og lek som kiper. Tanken var å skifta dei ut med aluminiumsrenner, og behalda rennekrokar og skvettsink. Arbeidet har treft på kvist: rennekrokane og skvettsinken er av kopar, og kjemien mellom kopar og alumnium er dårleg, for å seia det forsiktig. Koparen vil straks byrja etsa sund aluminiumen. Nye koparrenner vil vera absolutt det beste – men det kostar fort eit sekssifra beløp. Som med nesten alt anna: saka er sett på vent.
- Kyrkjeklokkene i Øystese, «Mari» og «Larre», har utfordringar i samlivet. Nett no er det kun liv i Mari. Larre har tagna – slik mannfolk ofte gjer når motgangen melder seg. Det handlar om utsliten styringsmekanikk. Lokale heltar både i og utanfor kyrkje er sett på saka – og kanskje kan Larre kveikjast til liv att. Eit komplett nytt styringssystem kjem fort på 250 000,- Lat oss kryssa fingrar for at hendige kvemmingar kan få liv i gubben att! Og for å strø ytterlegare salt i såret i det økonomiske såret for fellesrådet: styringssystema for klokkeringing er like gammalt i dei fleste av kyrkjene våre.
- Ny varmestyring er no montert i alle kyrkjer. Dette var ikkje eit spørsmål om me hadde råd eller lyst – det gamle systemet gjekk på 2G-nettet, som held på å bli fasa ut. No er me skodd for framtida på varmestyring. Det er mangt som kunne seiast om ***måten*** me varmar opp kyrkjer på – men det er eit anna kapittel.
- Andelen som velgjer kremasjon, har runda 40% for inneverande år. Dette har stor innverknad på arbeidsmengd på kyrkjegarden, og fell godt saman med at talet på kyrkjegardsarbeidarar er redusert med 50%. Ingenting tydar på at denne utviklinga vil snu.
- Då søknadsfristen for stillinga som kyrkjeverje gjekk ut 30. oktober, hadde det meldt seg 5 søkjarar. 2 av dei har ein sett bort frå, då dei har søkt på stillingar som ikkje finst i fellesrådet, - frisør og dekksgut – og søknaden kom via digitale plattformer som ikkje er heilt stovereine. Det er såleis 3 aktuelle kandidatar: Franckie Mario Andrianaivo frå Kvam, Jan Are Kvammen frå Voss, og ein søkjar som ynskjer å vera unnateke offentleggjering. Innstillingsutvalet har godkjent dette ynskjet, og vil kalla alle 3 inn til intervju.

Sak 28/26 Søknad om komprimert arbeidstid ved uttak av AFP

Framlegg til vedtak frå Kjell Dysvik:

> *Kvam kyrkjeleg fellesrådet ser fordeler og ulemper med den omsøkte ordninga. Fellesrådet legg til grunn at søkjar etter avtale er tilgjengeleg for langtids-planlegging i fråversperioden, og godkjenner at Ulf Krupka får den omsøkte arbeidstidsordninga, -men avgrensa til **eitt år** i første omgang, dvs fram til november 2028.*

Framlegget frå Kjell Dysvik fekk 6 røyster, og vart vedteke. Ei røyst var blank.

Kyrkjeverje Olav Skeie Lid vart vurdert som ugild under handsaming av denne saka, og gjekk ifrå møtet.

Søknad frå kantor Ulf Krupka ligg som del av denne saka. På grunn av nærståande-problematikk og habilitets-utfordringar, føreligg ingen saksførebuing til saka frå kyrkjeverje, ei heller framlegg til vedtak. Kyrkjeverje reknar seg som inhabil i denne saka.

Søknaden til Ulf Krupka har vore til høyring i administrasjonsutvalet, og der vart det vedteke ei slik tilråding til fellesrådet:

Framlegg frå Kjell Dysvik: *Administrasjonsutvalet ser fordeler og ulemper med den omsøkte ordninga. Me legg til grunn at søkjar etter avtale er tilgjengeleg for langtids-planlegging i fråversperioden, og vil tilrå til fellesrådet at Ulf Krupka får den omsøkte arbeidstidsordninga.*

Framlegg frå Margun Tordal: *Administrasjonsutvalet ser fordeler og ulemper med den omsøkte ordninga. Me legg til grunn at søkjar etter avtale er tilgjengeleg for langtids-planlegging i fråversperioden, og vil tilrå til fellesrådet at Ulf Krupka får den omsøkte arbeidstidsordninga, -men avgrensa til* ***eitt år*** *i første omgang, dvs fram til november 2028.*

Framlegget frå Margun fekk 3 røyster og vart vedteke, framlegget til Kjell Dysvik fekk 1 røyst, og 1 røyst var blank.

Til fellesrådsmøte 4. nov har leiar Kjell Dysvik stått for denne saksutgreiinga med framlegg til vedtak:

I søknaden frå Ulf Krupka kjem det klart til uttrykk at det han søkjer om ei ei «uvanleg ordning» - underforstått at Fellesrådet strekkjer seg ein god del dersom vi imøtekjem søknaden. Retten til AFP er uomtvisteleg, men å konsentrere arbeidstida til sommaren er spesielt.

Argumenta ***for*** er fleire, blant anna:

-Ynskjeleg å halde på ein dugande kantor i nokre år til
-Kolleger ser positivt på ordninga, trass nokre ulemper
-Utsiktene til å løyse vikarutfordringane om vinteren synest gode

Argumenta ***imot*** er blant anna:

-Planlegging i laupet av året vert meir krevjande, avstandane til den sørlege halvkula er stor
-Fleire utskiftingar i kyrkjestaben neste år kan gjere at ei slik ordning er ekstra uhøveleg
-Det kan vere uheldig å binde framtidig leiing, og personalet elles i kyrkja, til ei ordning som ikkje er «optimal» -heilt fram til 2029.

Fellesrådet må sjølvsagt balansere slike omsyn.

Innstillinga til fellesrådet frå mi side er difor i tråd med fleirtalsinnstillinga i administrasjonsutvalet. Det er rimeleg å legge stor vekt på dei tilsette og fleirtalet i

administrasjonsutvalet sitt syn. Mindretalsframlegget er noko meir imøtekomande ved ikkje å ha atterhald om at ordninga skal vurderast i november 2028. Det er likevel ei klar imøtekoming av ein spesiell søknad, og det er vanskeleg å sjå for seg at ei vurdering i november 28 skal endre realitetane i denne permisjonsordninga.

Framlegg til vedtak:

> *Kvam kyrkjeleg fellesrådet ser fordeler og ulemper med den omsøkte ordninga. Fellesrådet legg til grunn at søkjar etter avtale er tilgjengeleg for langtids-planlegging i fråversperioden, og godkjenner at Ulf Krupka får den omsøkte arbeidstidsordninga, -men avgrensa til **eitt år** i første omgang, dvs fram til november 2028.*

Her er søknaden frå Ulf Krupka:

Kantor Ulf Krupka
Gamle Dalavegen 60
5600 Norheimsund

Til Kvam kyrkjelege fellesråd
Postboks 39
5600 Norheimsund ***Norheimsund 4. august 2026***

Søknad om komprimert arbeidstid i forbindelse med AFP

Fra 1.november 2027 ønsker jeg å ta ut gradert AFP. Jeg ønsker å gå ned fra dagens 80% stilling til 41% stilling på årsbasis, og er i dialog med KLP om dette.

Imidlertid har jeg et stort og litt uvanlig ønske om å kunne kombinere denne reduksjon i arbeidstid, med å reise. Jeg og min partner ønsker å tilbringe deler av året i varmere strøk. Jeg søker derfor om følgende:

- *Å få være tilsatt som kantor i 70% stilling (nesten tilsvarende dagens stilling) i tidsrommet 1. april til 31. oktober i årene 2028 og 2029. Detter tilsvarer altså 41 % stilling på helårsbasis. Jeg vil kun motta lønn fra KKF i det tidsrommet jeg er i tjeneste.*

Dersom dette skal la seg gjøre, må stillingen som organist være besatt av en vikar i de månedene jeg er på reise. Jeg kjenner til at det finnes folk i staben i dag som ønsker å vikariere for meg.

Derfor tør jeg med frimodighet søke om dette. Det er også viktig for meg å understreke at min gode kollega og kantor som jeg deler tjeneste med, Sevi Askarova Øvrehus, hilser denne endringen velkommen.

Jeg vil gjerne takke fellesrådet for den fleksibilitet og romslighet som vises meg i det daglige. Jeg innser at min søknad ikke er av de ordinære, og vet at dette er en uvanlig ordning. Ikke desto mindre tør jeg søke om dette, ettersom jeg er sikker på at det finnes krefter som kan erstatte meg i mitt vinterfravær.

Med håp om positivt svar,

Ulf Krupka

Kantor i Kvam

29/26 Økonomisk kvartalsrapport 3.kvartal 2026

Samrøystes vedtak: *Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Resultatet så langt i år syner eit underskot på* ***kr – 75 257, -***

Rapporten finst som eige dokument, vedlagt sakspapira.

30/26 Val av fellesrådsleiar og nestleiar for 2027

Kjell Dysvik vart samrøystes vald som leiar av fellesrådet for 2027.
Astrid Helleve Fylkesnes vart samrøystes vald til nestleiar for 2027.

31/26 Møtekalender våren 2027

Samrøystes vedtak: Fellesrådet vedtek fylgjande møtekalender for 2027:

- *6. januar (endeleg budsjett, vedlikehaldsplan etc)*
- *10. mars (årsmelding, rekneskap)*
- *19. mai (kvartalsrapport)*

Alle møta tek til kl 16.30.